

Dag-Inge Øien og Asbjørn Moen

Sølandet naturreservat

Årsrapport og oversyn over aktiviteten i 2013

**NTNU Vitenskapsmuseet
naturhistorisk notat 2014-1**



NTNU Vitenskapsmuseet naturhistorisk notat 2014-1

Dag-Inge Øien og Asbjørn Moen

Sølandet naturreservat
Årsrapport og oversyn over aktiviteten i 2013

NTNU Vitenskapsmuseet naturhistorisk notat

Dette er en elektronisk serie fra 2013 som erstatter tidligere Botanisk notat og Zoologisk notat. Serien er ikke periodisk, og antall nummer varierer per år. Notatserien benyttes til rapportering fra mindre prosjekter og utredninger, datadokumentasjon, statusrapporter, samt annet materiale som ikke har en endelig bearbeidelse.

Tidligere utgivelser: <http://www.ntnu.no/vitenskapsmuseet/publikasjoner>

Referanse

Øien, D.-I. & Moen, A. 2014. Sølendet naturreservat. Årsrapport og oversyn over aktiviteten i 2013. – NTNU Vitenskapsmuseet naturhistorisk notat 2014-1: 1-45.

Trondheim, januar 2014

Utgiver

NTNU Vitenskapsmuseet
Seksjon for naturhistorie
7491 Trondheim
Telefon: 73 59 22 60/73 59 22 80
e-post: post@vm.ntnu.no

Ansvarlig signatur

Torkild Bakken (seksjonsleder)

Publiseringstype

Digitalt dokument (pdf)

Forsidefoto

Øystein Nyrønning slår med tohjulstraktor ved Storholmen på Sølendet. Foto: A. Moen 23.07.2010.

www.ntnu.no/vitenskapsmuseet

ISBN 978-82-7126-981-4
ISSN 1894-0064

Samandrag

Øien, D.-I. & Moen, A. 2014. Sølendet naturreservat. Årsrapport og oversyn over aktiviteten i 2013. – NTNU Vitenskapsmuseet naturhistorisk notat 2014-1: 1-45.

Denne rapporten gir eit oversyn over aktiviteten på Sølendet knytt mot forskning, forvaltning og formidling i 2013. Rapporten har fem vedlegg: Vedlegg A gir eit oversyn over aktiviteten retta mot langtidsstudiar og overvaking, og er ein kopi av vår delrapportering av "Prosjekt Sølendet" til Direktoratet for naturforvaltning (DN)/Miljødirektoratet (MDir). Vedlegg B er ein kopi av årsrapporten for arbeidet med skjøtselen av leveområda for orkideen svartkurle (*Nigritella nigra*) sør for Sølendet. Vedlegg C gir eit oversyn over litteratur om Sølendet. Vedlegg D er eit samandrag av masteroppgåva til E.M. Vold. Vedlegg E er kopi av poster med forskingsresultat frå Sølendet presentert på vitenskaplege konferansar i 2013.

Nøkkelord: langtidsstudier – populasjonsøkologi hos karplantar – produksjonsøkologi – slåttemyr – skjøtsel – svartkurle – vegetasjonsøkologi

Dag-Inge Øien og Asbjørn Moen, NTNU Vitenskapsmuseet, Seksjon for naturhistorie, NO-7491 Trondheim

Innhold

Samandrag	3
Forord	5
1 Innleiing	6
2 Vêr, fenologi og blomstring	8
2.1 Vêrtilhøve	8
2.2 Fenologi.....	8
2.3 Blomstring og utvikling hos nokre artar.....	10
3 Skjøtselsarbeid	12
4 Botanisk arbeid.....	14
4.1 Feltperiodar	14
4.2 Arbeid på delprosjekta og nokre resultat	14
4.3 Mastergradsarbeid.....	15
5 Formidling og informasjon	16
6 Arbeid framover	17
6.1 Botanisk arbeid framover.....	17
6.2 Skjøtsel i 2014.....	19
7 Litteraturreferansar	21
Vedlegg	22
Vedlegg A Delrapport til Direktoratet for naturforvaltning.....	22
Vedlegg B Svartkurle sør for Sølendet.....	33
Vedlegg C Samla oversikt over litteratur om Sølendet naturreservat.....	37
Vedlegg D Sammendrag masteroppgave Else Marte Vold	44
Vedlegg E Poster på internasjonale forskarkonferansar i 2013	45

Forord

Systematisk skjøtsel starta på Sølendet naturreservat i 1976, og i januar 1977 kom vår første rapport om skjøtselen. Kvart einaste år etter dette har vi gitt ut årsrapport som summerer årleg fagleg aktivitet og praktisk skjøtsel i reservatet, slik denne rapporten gjer det. Våre studiar på Sølendet inkluderer grunnforskning hovudsakleg finansiert av eigen institusjon og forskingsråd, og nytteforskning finansiert av naturforvaltninga, dei siste åra av Direktoratet for naturforvaltning (vedlegg A).

Utmarkas slåttelandskap er gjenskapt innan store delar av Sølendet naturreservat, og området står i dag fram som eit referanseområde for studiar av utmarkas kulturlandskap. Metodar, forskingsresultat og erfaringar frå arbeidet på Sølendet blir brukt i mange samanhengar i forskning, naturforvaltning og formidling.

I tillegg til langtidsseriar, overvaking og popularisering har arbeidet med manuskript til vitskaplege tidsskrift hatt stort omfang i 2013, m.a. gjennom doktorgradsarbeidet til Kristine Fjordheim (Universitetet i Bergen). Forskar Anders Lyngstad har halde fram med arbeidet på Sølendet. Else Marte Vold fullførte si masteroppgåva på effekten av skjøtsel på låge urter i slåttepåverka utmark i juni.

Vi har samarbeidd godt med Tom Johansen (oppsynsmann) og Øystein Nyrønning som står for den praktiske skjøtselen, og dei har og kome med innspel til rapporten. Direktoratet for naturforvaltning, Statens naturoppsyn, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og Røros kommune er sentrale i arbeidet med forvaltninga på Sølendet. Skjøtsel av dei rike områda like nedanfor reservatet skjer i samarbeid med grunneigar Per Hjort.

Som vanleg inkluderer vi nokre viktige vedlegg til rapporten (s. 17-47), mellom anna den årlege delrapporten til Direktoratet for naturforvaltning om langtidsstudiane. Litteraturlista for Sølendet (vedlegg C) inneheld 147 nummer. Oppdaterte litteraturliste og artslistar for Sølendet ligg og ute på NTNU Vitskapsmuseets sine nettsider <http://www.ntnu.no/vitenskapsmuseet/kulturlandskap-midt-norge/>

Takk til alle som har medverka i 2013. Open dag på Sølendet hadde i 2013 34 deltakarar. Og til alle som er interesserte: vel møtt til open dag på Sølendet den 7. juli 2014.

Trondheim, januar 2014

Dag-Inge Øien

Asbjørn Moen

1 Innleiing

Fagleg overvaking, botanisk forskning, skjøtselsarbeid og formidling er nært integrert på Sølendet. Sidan opprettinga av reservatet i 1974 har vi ved NTNU Vitenskapsmuseet, Seksjon for naturhistorie (SN) i samarbeid med naturforvaltninga (gjennom åra på ulike nivå: Miljøvern-departementet, Direktoratet for naturforvaltning (DN), Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Røros kommune, Statens naturoppsyn (SNO) tatt eit ansvar for heilskapen på Sølendet. Langtids-seriane er ein av tre prioriterte seriar innan terrestrisk botanikk i Noreg (Norges forskningsråd 2003), og det årlege arbeidet blir finansiert av DN og eigen institusjon. Aktiviteten elles er avhengig av støtte frå den lokale naturforvaltninga, landbruksforvaltninga og Norges forskningsråd (NFR).

Den botaniske aktiviteten som heilskap på Sølendet kan skiljast i 11 delprosjekt:

- 1 Generelle studiar av planteliv og økologi
- 2 Produksjonsøkologiske studiar
- 3 Populasjonsøkologiske studiar
- 4 Næringsdynamikk i gamle slåttesamfunn
- 5 Bålvegetasjon
- 6 Skjøtselsplan, oppfølging av skjøtsel
- 7 Effektar av natursti
- 8 Effektar av beite på tidlegare slåttemark
- 9 Genetiske studiar av orkidepopulasjonar
- 10 Orkidear og mykorrhiza
- 11 Skjøtsel av svartkurllelokalitetar utanfor reservatet

Grensene mellom delprosjekta er diffuse. Langtidsstudiar og overvaking er viktige element i dei fleste. Hovudaktiviteten i 2013 ligg innan delprosjekta 2, 3 og 11 (sjå kapittel 4). Det bilaterale samarbeidsprosjektet MIRACLE (Polen-Norge) starta i desember 2013 (sjå avsnitt 6.1) og er kopla mot delprosjekt 1-4. Elles viser vi til Moen (1990), Moen et al. (1999), Øien & Moen (2006) og Moen & Øien (2012) for ei oversikt over forskingsresultat, skjøtsel m.m. i reservatet.

Tabell 1. Bemanning og arbeidsinnsats for vår faglege aktivitet på Sølendet i 2013. Inkludert i tabellen er arbeid med manuskript og arbeidet med skjøtsel av leveområda for svartkurlle sør for reservatet. Arbeidet vart utført med støtte frå Direktoratet for naturforvaltning, Røros kommune og NTNU Vitenskapsmuseet. Arbeidet til oppsynsmann og skjøtsel, og prosjektmedarbeidarar utanfor NTNU er ikkje tatt med.

Namn	Feltarbeid	For- /etterarb.
Moen, Asbjørn prosjektleder	4 d	3 mnd
Øien, Dag-Inge overingeniør	19 d	3 mnd
Lyngstad, Anders forskar	-	1 mnd
Vold, Else Marte feltassistent	15 d	2,5 mnd
Vold, Mari feltassistent	6 d	3 d
Nilsen, Liv S. forskar	2 d	-
Moen, Erlend feltassistent	1 d	-
	(47 d)	
Sum	2,5 mnd	10 mnd

Professor Asbjørn Moen leiar prosjektet, og forutan overingeniør (dr. scient.) Dag-Inge Øien har forskar Anders Lyngstad og forskar Nina Sletvold (Uppsala universitet) deltatt i arbeidet i 2013. Dr. scient. Liv S. Nilsen, doktorgradsstipendiat Kristine Fjordheim ved Universitetet i Bergen (UiB) og førsteamanuensis Trond Arnesen ved Høgskolen i Sør-Trøndelag (HiST) er og knytt til prosjektet. Else Marte Vold fullførte si masteroppgåve på undersøkingar av responsen til låge urter på slått og beite (Vold 2013) med eksamen 7. juni (sjå kapittel 4). I tillegg til studiet har ho deltatt i prosjektarbeidet. Elles har fleire vore engasjerte som feltassistentar (jf. tabell 1).

Det har vore høg aktivitet knytt til Sølendet i 2013. I alt er det lagt ned om lag eitt årsverk (tabell 1). Då er ikkje arbeidet til N. Sletvold, K. Fjordheim og E.M. Vold inkludert. Hovuddelen av aktiviteten har vore innan langtidsstudiar, overvaking og popularisering. Av dette nemner vi:

- Studiar av populasjonsbiologien til lappmarihand (*Dactylorhiza lapponica*), brudespore (*Gymnadenia conopsea*) og andre orkidear, hovudsakleg innanfor delprosjekt 3 (sjå vedlegg A) i samarbeid med N. Sletvold.
- Utarbeiding av manus for vitenskapleg publisering av langtidsseriedata for breiull (*Eriophorum laltifolium*) og produksjonstilhøva i slåttemyr (Delprosjekt 2 og 3; sjå vedlegg A).
- Avslutting av gjødslingseksperiment med nye vegetasjonsanalysar og hausting av biomasse (Delprosjekt 4).
- Oppfølging av faste prøveflater og enkeltindivid av svartkurle sør for naturreservatet, i samband med skjøtsel av leveområda for arten (delprosjekt 11; sjå vedlegg B). Dette skjer i samarbeid med Røros kommune og grunneigar (Per Hjort), og byggjer på tidlegare kartlegging og registrering av svartkurle.

I tillegg kjem doktorgradsarbeidet til K. Fjordheim på korleis klimatilhøve og kulturell påverknad har verka inn på danning og utvikling av bakkemyr. Sølendet er eit av to studieområde. Fjordheim er stipendiat ved UiB med A. Moen som medrettleiar.

Resultata frå det langsiktige forskingsarbeidet på Sølendet er og sentrale i høve til fleire større utgreiingsarbeid i regi av naturforvaltninga dei siste åra. Dette gjeld m.a. utarbeiding av ei nasjonal handlingsplan for svartkurle (*Nigritella nigra*) (Moen & Øien 2009), arbeidet med våtmark (myr og kjelde) i den norske raudlista for naturtypar (Moen & Øien 2011), oppfølging av handlingsplanen for slåttemark, utarbeiding av retningslinjer for forvaltning og skjøtsel i verneområde, utarbeiding av handlingsplan for rikmyr, samt revidering av Naturtyper i Norge (NiN 2.0) og DN-handbok 13 (naturtypekartlegging).

2 Vêr, fenologi og blomstring

2.1 Vêrtilhøve

Vêrstasjonen på Sølendet har fungert godt også i 2013. Under følgjer eit samandrag av vêrtilhøva i 2013. Fleire detaljar på: http://www.yr.no/sted/Norge/Sør-Trøndelag/Røros/Sølendet/detaljert_statistikk.html eller <http://eklima.met.no>.

Det var i underkant av normale snømengder på Sølendet vinteren 2012/2013. På det meste vart det målt 67 cm snø ved vêrstasjonen den 4. mars. Det var svært djup tele i 2013, med frost ned til 60 cm i flater slått året før. Dette er det meste som er målt sidan målingane starta i 2001. Sjå og vedlegg A.



Våren var om lag normal på Sølendet i 2013, og det meste av snøen var borte i midten av mai (figur 1a). Ein periode med svært varmt vêr i slutten av mai vart avløyst av ein kjøleg periode med fleire frostnetter som varte fram til midten av juni (figur 1b). Temperaturmessig var resten av sommaren om lag som gjennomsnittleg med høge sommartemperaturar mot slutten av juli. Men nedbørmessig var sommaren svært nedbørrik, spesielt i juni og første halvdel av august med nedbør mest kvar dag (figur 1a). Dette, saman med djup og langvarig tele, gjorde at vasstanden på myrene heldt seg høgt det meste av sesongen (vedlegg A: figur 4 og 5).

Hausten var temperaturmessig om lag som normalt, med frostnetter frå slutten av august, men det var ein lenger periode med høge dagtemperaturar i første halvdel av september. Snøen kom i byrjinga av november og vart liggande, men det var lite snø gjennom heile november og desember.

2.2 Fenologi

Trass i ein normal vår og svært varmt vêr i slutten av mai kom blomstringa i gang seinare enn i eit gjennomsnittså hos mange av forsommar- og høgsommarartane i 2013. Dette skuldast truleg djup tele. Lauvsprett på bjørka var siste dagane i mai. Under følgjer eit utval fenologiregistreringar.

- 23. mai** All snøen er borte med unntak av eit par små flekkar bak Dalbua. Skogen er i ferd med å bli grøn, berre få dagar til full lauvsprett i nedre delar. Ein del torvull i blomst her og der og det er like før kvitveisen blomstrar.
- 20. juni** Orkideane er berre i knopp, men nokre få blodmarihand har byrja å opne seg. Skogstorkenebb er i starten av blomstringa. Ballblom, duskull, enghumbleblom og korallrot blomstrar men er før topp. På topp er fiolane, torvull og fjellminneblom. Gullmyrklegg og soleihov er over blomstringstoppen.
- 3. juli** Brudespore, breiull, gulstarr, engstarr og tyrhjelm er i starten av blomstringa. Lappmarihand og svartkurle er godt i gang med blomstringa, men før topp. Dei andre marihand-artane og bjønnbrodd, torvull, duskull og vanleg myrklegg er på topp. Ballblom og skogstorkenebb er no over toppen, og soleihov og fjellfiol er på slutten av blomstringa.
- 2. aug.** Blåknapp er i starten av blomstringa. Sumphaukeskjegg, fjelltistel, blåtopp og gulsildre blomstrar no på topp. Breiull og følblom er over blomstringstoppen. Det er enno mykje brudespore i blomst, men den er klart over toppen. Marihand-artane er heilt på slutten.
- 8. aug.** Blåknapp er enno før blomstringstoppen. Fjelltistel, blåtopp og ryllik er på topp, medan gulsildre, breiull og sumphaukeskjegg no er over toppen. Orkideane er stort sett avblomstra, men brudespore er heilt på slutten av blomstringa. Det same gjeld tyrihjelm og følblom.
- 18. sept.** Det meste av lauvet frå bjørka (minst 80 %) er felt. Alt er avblomstra i feltsjiktet med unntak av at duskull blomstrar for andre gang på område som vart slått først, t.d. aust på Nørderslettmyra.



Figur 1. Daglege registreringar av nedbør, snø og temperatur frå vêrstasjonen på Sølendet sommarsesongen 2013. a. Nedbørsum (stolpar) og snødjupne (stipla linje; borte 14.05.). b. Middel-, minimums- og maksimums-temperatur.


2.3 Blomstring og utvikling hos nokre artar

Generelt var 2013 eit blomstringsår om lag som i eit gjennomsnittet på Sølendet, dette gjaldt og orkideane, med unntak av lappmarihand og svartkurle (sjå nedanfor) som blomstra dårleg også i 2013, men noko betre enn året før. Også duskull, breiull, blåtopp og sumphaukskjegg hadde eit blomstringsår om lag som gjennomsnittleg. Gullmyrklegg hadde svært god blomstring, klart over gjennomsnittet, medan blåknapp og nokre av starrartane (t.d. gulstarr) blomstra klart dårlegare enn i eit gjennomsnittsåar.

Svartkurle i og utanfor reservatet

Eit oversyn over økologien og utbreiinga til svartkurle, og utviklinga på Sølendet er gitt i Moen & Øien (2003, 2009) og Øien & Moen (2010). Systematisk overvaking av svartkurle på Sølendet starta på slutten av 1970-talet (figur 2). Delar av område sør for reservatet blir skjøtta etter ein skjøtselsplan utarbeidd av NTNU Vitskapsmuseet (Øien & Moen 2005). Her starta den systematiske overvakinga på slutten av 1990-talet.

Talet på blomstrande individ var i 2013 svært lågt (figur 1). Det vart registrert totalt 60 blomstrande individ innanfor reservatet, ein liten auke frå 2011 og 2012 som er mellom dei lågaste blomstringstala som er registrert sidan systematiske teljingar starta på slutten av 1970-talet (vedlegg A: tabell 2). Delen av blomstrande individ innanfor dei skjøtta areala i reservatet gjekk noko ned i høve til fjorårsnivået, og var i 2013 i underkant av 50 % (figur 1).



Figur 2. Blomstring av svartkurle (*Nigritella nigra*) i Sølendet naturreservat. Figuren viser talet på blomstrande individ innanfor reservatgrensene, og andelen av det totale talet på blomstrande individ som finst på dei areala som no er skjøtta (stipla linje).

Også utanfor reservatet heldt talet på blomstrande svartkurle seg lågt i 2013. Det samla talet på blomstrande svartkurle på og omkring Sølendet kom opp i om lag 300 i 2013. Av desse var om lag 80 % registrert utanfor reservatgrensene. For detaljar om utviklinga i delpopulasjonane, sjå vedlegg A og B.

Den kraftige nedgangen i talet på blomstrande svartkurle skuldast truleg svært ugunstige vêrtilhøve og høg smånagaraktivitet. Harde vintrar og kjølege og fuktige somrar dei siste åra har gitt seg utslag i svært dårleg blomstring, både inne i og utanfor reservatet, og på skjøtta og uskjøtta område. Overvakinga i faste prøveflater syner og at høg smånagaraktivitet vinteren og våren 2011 har ført til ei langvarig svekking av populasjonen (Øien & Moen 2012)

Handmarinøkkel og haustmarinøkkel

Det fins fire marinøkkelartar på Sølendet. To av desse, handmarinøkkel og haustmarinøkkel (*Botrychium lanceolatum*, *B. multifidum*), er tekne med i gjeldande raudliste for karplantar (Solstad et al. 2010). Begge er relativt sjeldne i Noreg, og på tilbakegang i reservatet som elles i landet. Grunnen er klart tilgroing av eit tidleg-are lågvakse kulturlandskap som var påverka av slått og/eller beite av husdyr.

Handmarinøkkel er nær trua (NT) og veks i rik lågurteng, og vi har lukkast i å auke talet på individ innan ein skjøtta lokalitet. Og vi vonar at dei skjøtselstiltaka som er sett inn fleire stader dei siste åra vil berge, og kanskje auke talet på individ. I 2011 vart det etablert ei ny prøveflate for oppfølging av enkeltindivid, og totalt følgjer vi no over 50 individ av denne arten.

Haustrinøkkel derimot, veks i fattigare engvegetasjon, i område der vi ikkje har sett inn skjøtsel. Dei siste åra har vi overvaka alle kjende individ, og dessverre har arten (som er sårbar (VU) og fredlyst) gått sterkt attende. I dei siste åra har talet på individ på Sølendet halde seg stabilt på kring 15. For denne arten er det naudsynt med god oppfølging, og det er aktuelt å skjømte i alle fall ei av dei to faste prøveflatene der arten blir overvaka.

Dei tre marinøkkelartane i engvegetasjon (*Botrychium boreale*, *B. lanceolatum*, *B. lunaria*) er med blant dei sju artane som E.M. Vold har undersøkt i sitt mastergradstudium (kapittel 4.3).

3 Skjøtselsarbeid

Statens naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsyn og den praktiske skjøtselen på Sølendet. Arbeidet vart leia av Tom Johansen, men mykje av arbeidet vart utført av Øystein Nyrønning. Arbeidet er gjennomført etter gjeldande forvaltningsplan (Johansen & Buvarp 2011). Tabell 2 gir eit oversyn over tradisjonell skjøtsel som vart utført. Figur 3 viser areala som vart slått.


I tillegg til slått og raking vart følgjande skjøtsels- og vedlikehaldsarbeid utført i 2013:

- Tynning av skog i området vest for intensivområdet i vest (Røsta).
- Tynning av bjørk fleire stader langs naturstien.
- Rydding og hogging av vindfall.
- Brenning av gras og ryddingsavfall.
- Utsetjing av postar og informasjonsplakatar i naturstien.
- Vedlikehald og utskifting av klopper.
- Ymse maskinvedlikehald.
- Vedlikehald på Olderbua, Øverlaua og Midtilaua.
- Blinking av trær for uttak vinteren 2014 (sjå avsn. 6.2)

Under arbeidet har T. Johansen hatt løpande kontakt med representantar frå NTNU Vitenskapsmuseet. Alt graset som vart samla opp er sidan brent.

Tabell 2. Oversikt over tradisjonell skjøtsel som vart utført på Sølendet i 2013. Alle tal er omtrentlege, og nummereringa viser til figur 3.

Slått:	1 Intensivområde i aust	127 daa	slutten av juli
	2 Storholmen N	17 daa	byrjinga av august
	3 Floen	109 daa	august/september
	4 Vassdalen V	3 daa	august
		<u>256 daa</u>	
Raking:	1 Intensivområde i aust	127 daa	byrjinga av august
	2 Storholmen N	17 daa	byrjinga av august
	3 Floen	50 daa	september
	4 Vassdalen V	3 daa	august
		<u>197 daa</u>	



Figur 3. Skjøtta areal i 2013. Slått og raking i alle område, men berre delar av 3. 1: Intensivområdet i aust, 127 daa. 2: Storholmen nord, 17 daa. 3: Floen, 109 daa. 4: Vassdalen vest, 3 daa. Total vart 256 daa slått, og graset vart raka saman og fjerna innan ca. 200 daa.

4 Botanisk arbeid

4.1 Feltperiodar

Feltarbeidet vart hovudsakleg utført i to periodar: 1.-4. juli og 30. juli-9. august. Under følgjer ei oversikt over feltaktiviteten. Totalt vart det utført 47 dagsverk i felt innan prosjektet frå NTNU Vitskapsmuseet, Seksjon for naturhistorie (SN) si side, medrekna oppfølging av skjøtsel i leveområda for svartkurle sør for reservatet (vedlegg B). I tillegg kjem N. Sletvold sine studiar av brudespore.

- 15. april** Telemåling. Utført av oppsynsmann Tom Johansen, SNO/Røros kommune.
- 23. mai** Utsetjing av dataloggarar for måling av vasstand, fenologiregistrering. Frå SN: D.-I. Øien.
- 19.-20. juni** Teljing av gullmyrkelegg, gjødsling av prøveflater i gjødslingsfelt, skjøtelsesrettleiing, fenologiregistrering. Frå SN: D.-I. Øien.
- 1.-4. juli** Omvising: "Kunnskapsbyen" (1. juli; 34 deltakarar). Blomstringsteljing og oppfølging av enkeltindivid i faste prøveflater, teljing av svartkurle, oppfølging av orkidehybridar, fenologiregistrering. Oppfølging av faste prøveflater i beiteområdet og faste prøveflater i svartkurleområda sør for reservatet. Frå SN: A. Moen og L.S. Nilsen (til 2. juli), E.M. Vold, M. Vold og D.-I. Øien (heile perioden).
- 30. juli-9. aug.** Omanalysar og hausting (klipping) av prøveflater i gjødslingsfelt. Teljing av blomstrandende individ og registrering av frøsetting i faste prøveflater, oppfølging av enkeltindivid av marinøklar, skjøtelsesrettleiing, fenologiregistrering. Oppfølging av svartkurleområda sør for reservatet. Frå SN: E.M. Vold og D.-I. Øien.
- 5. august** Synfaring av område som skal prioriterast for tynning av skog (sjå avsn. 6.2) med representantar frå SNO, Røros kommune og SN. Frå SN: A. Moen.
- 18. august** Slått av 54 faste prøveflater (produksjonsmåling). Frå SN: A. Moen, E. Moen, E.M. Vold og M. Vold.
- 18. september** Kartlegging av skjøtta område, skjøtelsesrettleiing, fenologiregistrering, innsamling av dataloggarar. Oppfølging av svartkurleområda sør for reservatet. Frå SN: D.-I. Øien

4.2 Arbeid på delprosjekta og nokre resultat

Nedanfor følgjer eit oversyn over den faglege aktiviteten knytt mot dei enkelte delprosjekta. Delprosjekt der det ikkje har vore aktivitet i 2013 er ikkje omtala. Sjå tidlegare årsrapportar (m.a. Øien & Moen 2003, 2012) for skildring av desse.

Delprosjekt 1. Generelle studiar av planteliv og økologi

Det vart gjennomført telemålingar og vass-standsmålingar også i 2013. Målepunkt for telemålingar og automatiske vasstandsmålingar er vist i vedlegg A, figur 3. Det var svært djup tele vinteren 2013 og høg vasstand gjennom det meste av sommarsesongen. I 2013 vart eit manuskript om produksjonstilhøva i slåttemyr med utgangspunkt i langtidsstudiane på Sølendet og Tågdalen ferdigstilt og akseptert for publisering i *Folia Geobotanica* (Moen et al. in press). Materialet frå Sølendet vil og inngå i fleire artiklar om rikmyr i Norge og Europa som er under utarbeiding, m.a. i samarbeid med tsjekkiske forskarar. Sjå elles vedlegg A.

Delprosjekt 2. Produksjonsøkologiske studiar

Slått av faste prøveflater (dei fleste 12,5 m²) med ljå. I alt 54 prøveflater vart slått 18. august av Erlend Moen. Ferskvekt vart målt med bismar i felt. Stikkprøver vart samla inn og frose ned. Prøvene er seinare tørka og vegne og overjordisk planteproduksjon rekna ut. Sjå elles vedlegg A.

Delprosjekt 3. Populasjonsøkologiske studiar

Studiar av blomstringa hos ulike karplanteartar, og overvaking av verknaden av skjøtselstiltak i faste prøveflater. Orkideen svartkurle (*Nigritella nigra*) blir også talt over større område, og enkeltindivid blir følgd i fire prøveflater innanfor reservatet og ni prøveflater utanfor. Ein artikkel om populasjonsdynamikken til lappmarihand (*Dactylorhiza lapponica*) og korleis klima påverkar effekten av skjøtsel vart publisert i *Global Change Biology* i 2013 (Sletvold et al. 2013). Aktiviteten på delprosjektet er elles omtala i vedlegg A, kapittel 2.

Delprosjekt 4. Næringsdynamikk i gamle slåttesamfunn

Gjødsling med flytande næringsløysing av 48 prøveflater i to lokalitetar (702 og 703) vart gjennomført 20. juni. I byrjinga av august vart det vart gjennomført plantesosiologiske omanalysar av alle prøveflatene. Overjordisk biomasse vart hausta med saks og seinare sortert i plantegrupper på lab. Datamaterialet er under bearbeiding for vitskapleg publisering.

Delprosjekt 8. Effektar av beite på tidlegare slåttemark

Overvaking av vegetasjonsendringar etter opphør av beite i 50 faste prøveflater (dei fleste 0,25 m²). Teljing av blomstrandende individ hos 11 artar karplantar vart gjennomført også i 2012. Nærare omtale av undersøkingane i vedlegg A, kapittel 4.

Delprosjekt 11. Skjøtsel av svartkurlelokalitetar utanfor reservatet

Skjøtsel av leveområda for svartkurle på Per Hjort sin eigedom sør for reservatet har vorte utført etter skjøtelsplanen (Øien & Moen 2005). Oversikt over skjøtta areal og oppfølging av faste prøveflater er skildra i vedlegg B.

4.3 Mastergradsarbeid

Hausten 2011 starta Else Marte Vold på sitt mastergradsarbeid på Sølendet med A. Moen, James Speed og D.-I. Øien som rettleiarar. Sjå nærare omtale i årsrapporten for 2011 (Øien & Moen 2012).

Masteroppgåva med tittelen «Management effects on low-herb diversity in outlying grasslands» (Vold 2013) vart ferdigstilt våren 2013 med eksamen 7. juni. Eit samandrag av oppgåva er vist i vedlegg D.

5 Formidling og informasjon

Personar frå SN har presentert Sølendet gjennom foredrag, omvisingar o.l. også i 2013, med resultat frå forskning og skjøtsel som hovudtema.

Omvisingar og foredrag:

14. mars Foredrag på Norsk Økologisk Forening sin forskarkonferanse: Biodiversity and ecosystem services in a changing environment: «Challenges for science and conservation på NTNU 14.-15. mars: Interdependent effects of climate and land use change: a 30 year experimental study». Ved: N. Sletvold.
21. april Foredrag på forskingskonferansen AWARE – Approaches in Wetland Restoration, focus on fen wetlands ved Universitet i Warszawa, Polen: «The focus on plant diversity: Restoration and management, lessons from boreal hay fens». Ved. A. Moen.
1. juli Omvising og orientering om arbeidet i Sølendet naturreservat for 34 personar som ein del av den populærvitskaplege foredragsserien "Kunnskapsbyen" arrangert i samarbeid med DKNVS og Norsk botanisk forening. Ved: A. Moen & D.-I. Øien.
4. november Foredrag i Norsk Botanisk Forening, Trøndelagsavdelinga: «Månedens art: Lappmarihand *Dactylorhiza lapponica*». Ved. D.-I. Øien.
2. desember Foredrag i Norsk Botanisk Forening, Trøndelagsavdelinga: «Orkideer og andre arter i Sølendet naturreservat i Røros, endringer som følge av gjengroing og skjøtsel ». Ved A. Moen.
3. desember To presentasjonar på workshop'en «Mires and Climate» ved Universitet i Warszawa, Polen, i samband med oppstart av det bilaterale forskingsprosjektet «MIRACLE – Mires and Climate - towards enhancing functional resilience of fen peatlands» (sjå avsnitt 6.1), der Sølendet og Tågdalen er dei norske studieområda: «The study areas in Norway: Sølendet and Tågdalen» og «Introduction to WP4 and WP5». Ved A. Moen og D.-I. Øien.

Posterar:

- Mars-april Poster på Norsk Økologisk Forening sin forskarkonferanse: Biodiversity and ecosystem services in a changing environment: Challenges for science and conservation, på NTNU 14.-15. mars, og på forskarkonferansen: AWARE – Approaches in Wetland Restoration, focus on fen wetlands, ved universitet i Warszawa, Polen 21.-23. april: «Biodiversity of traditionally used boreal hay lands: changes, dynamics and threats». Ved. A. Moen D.-I. Øien, A. Lyngstad og N. Sletvold (vedlegg E).

Natursti og anna publikumsretta verksemd

Open dag med tilbod om guiding vart gjennomført 1. juli (sjå ovanfor). Vi vurderer ut frå trakkpåverknad, observerte besøkande og parkerte bilar, at besøket i 2013 har vore om lag som i dei siste åra, ein stad mellom 1000 og 2000 personar. Slitasjen og trakkett på dei viktige svartkurlelokalitetane i søraust (Nilsenga) har minka, men vi følgjer utviklinga nøye.

6 Arbeid framover

Systematisk overvaking av artar og vegetasjon i faste prøveflater har gått føre seg i snart 40 år på Sølendet. Det same gjeld i Tågdalen i Surnadal der tilsvarande langtidsseriar i liknande vegetasjon er gjennomført. Så lange måleseriar er unike, også internasjonalt, og vil etterkvart gi svar på ei rekkje økologiske spørsmål i høve til skjøtsel, attgroing og svingingar i vêrtilhøve og klima. Dette har gitt Sølendet og Tågdalen ein unik posisjon som overvåkingsområde av biologisk mangfald, også internasjonalt og spesielt på rikmyr og kjelde. Arbeidet med å følgje opp desse langtidsseriane har prioritet frå vår side, men her er vi avhengig av støtte utanfrå, og at samarbeidet med Miljødirektoratet held fram.

6.1 Botanisk arbeid framover

Dei siste åra har grunnforskningsaktiviteten på Sølendet vore høg, og den vil og halde seg høg dei næraste åra. Ein stor del av aktiviteten vil knytte seg til det bilaterale samarbeidsprosjektet «MIRACLE – Mires and Climate: towards enhancing functional resilience of fen peatlands» mellom Polen og Norge som starta i desember 2013. Prosjektet er finansiert av norske EØS-midlar, der SN er den norske partnaren. Prosjektet blir leia av Wiktor Kotowski ved Universitetet i Warszawa. Ansvarlege frå SN er A. Moen og Kristian Hassel. Hovudformålet med prosjektet er å utvikle modellar som kan forutseie effekten av endringar i klima på rikmyrsystem sin resiliens (motstandsdyktighet mot endringar). SN har ansvaret for tre (av 10) arbeidspakkar: Nutrient availability and biodiversity (D.-I. Øien), Spatial and temporal variability (A. Moen), Ecosystem modelling (James Speed). For dei to førstnemnde pakkane er Sølendet eit viktig studieområde saman med Tågdalen i Surnadal. I tillegg vil arbeidet til ein doktorgradsstipendiat innan vegetasjonshistorie og samarbeid mot universitetsmiljø i Sverige innan populasjonsstudiar halde fram. Men ressursar tilført denne typen aktivitet kan berre i liten grad brukast til å halde langtidsseriane i gang. Til det er vi heilt avhengige av støtte frå naturforvaltninga, i tillegg til eigen institusjon.

Langtidsstudiar gjennom overvaking av artar og studiar av endringar i plantelivet vil bli prioritert. I dette inngår det eitt doktorgradsstudium på danning og utvikling av bakkemyr (K. Fjordheim, delprosjekt 1) der Sølendet og Tågdalen er studieområde. Dette arbeidet vil halde fram også i 2014. Publisering av materiale frå doktorgradsavhandlinga til A. Lyngstad har og prioritet framover.

Samarbeidet med Uppsala universitet (N. Sletvold) på studiar av populasjonsbiologien til brudespore og lappmarihand vil halde fram (sjå delprosjekt 3 nedanfor).

I åra framover vil det og bli viktig å klargjere kva effektar eit varmare klima har på vegetasjon og biologisk mangfald. Gjennomgang og bearbeiding av produksjonsmålingar (delprosjekt 2 og 4) og plantesosiologiske analysar vil halde fram, og omanalysar av ein del prøveflater vil vere aktuelt (delprosjekt 1 og 2). Det kan og vere aktuelt å justere overvåkingsopplegget for å betre fange opp endringane.

Hovudtyngda av aktiviteten vil ligge innanfor delprosjekt 1, 2, 3 og 4. Bearbeiding av data frå desse delprosjekta vil inngå i prosjektet MIRACLE. Innan delprosjekt 5, 7, 9 og 10, vil det bli liten eller ingen aktivitet i 2014. Desse delprosjekta er difor ikkje omtala nærare.

Delprosjekt 1. Generell skildring av flora og vegetasjon

Oppfølging av enkelte gamle fastruter er aktuelt, både i samband med studiar av effekten av ulike slåttareiskapar (delprosjekt 6), men og for å overvake langtidstrendar som klimaendringar etc. Dette heng og saman med studia i delprosjekt 3, mellom anna vasstandsmålingane. K. Fjordheim vidarefører dei vegetasjonshistoriske studiane.

Delprosjekt 2. Produksjonsøkologiske studiar

Forsøksslått i 50-60 faste prøveflater med ulik grad av slåttepåverknad vil halde fram. Dette for å måle variasjonen i produsert høymengde og for å halde i gang langtidsseriar for populasjons-

studiar m.m. Bearbeiding av materialet frå over 30 år med produksjonsmålingar vil halde fram, m.a. for å klargjere korleis vêrtilhøva verkar inn på produksjonen og om vi allereie no kan sjå endringar i produksjonen som følgje av eit varmare klima (sjå og delprosjekt 4). Delprosjektet vil gi viktige data inn i prosjektet MIRACLE (sjå over).

Delprosjekt 3. Populasjonsøkologiske studiar

Teljing og oppfølging av enkeltindivid av ei rekkje artar i faste prøveflater og lokalitetar med varierende slåttepåverknad vil halde fram. Undersøkingane representerer eit unikt materiale m.o.t. kontinuitet og tal artar og ruter. Særleg interesse knyter det seg til overvaking av svartkurle og andre orkidear (artar, underartar og kryssningar). Bearbeiding av materiale og utarbeiding av manuskript for publisering i internasjonale tidsskrift vil ha høg prioritet. Vi har som målsetjing å utarbeide minst to manuskript per år frå langtidsseriane dei næraste åra.

I dei siste par åra har det vore fokus på orkideane brudespore og lappmarihand, der ei viktig målsetjing har vore å auke kunnskapen om rekruttering frå frø, og ved hjelp av matrisemodellering og liknande statistiske verktøy å utarbeide populasjonsmodellar for artane. Desse undersøkingane, inkludert pollineringseksperiment og frøspiringseksperiment saman med bearbeiding av data frå langtidsseriane, vil halde fram i samarbeid med Uppsala Universitet.

Delprosjekt 4. Næringsbalanse i gamle slåttesamfunn

Desse undersøkingane heng saman med undersøkingane i delprosjekt 2. Gjennom langtidsseriane har vi gode data på biomasse og næringskapital heilt attende til 1970-talet.

Sidan 1998 har det gått føre seg eit gjødslingseksperiment i tre prøvefelt i vestlege delar av reservatet. Gjødslingseksperimentet har gitt viktig kunnskap om næringsdynamikken i rikmyr (Øien & Moen 2001, Øien 2004). I 2013 vart det gjennomført nye analysar og prøvetaking, og eksperimentet er no avslutta. Bearbeiding og analysing av data frå eksperimentet for utarbeiding av vitenskapelige artiklar vil bli prioritert i tida framover. Vi trur resultatane vil gi ny kunnskap om nærings- og produksjonsforhold i rikmyr og korleis desse faktorane saman med klima og slått verkar inn på samansetjinga av plantesamfunna, og overleving og blomstring hos enkeltartar. Delprosjektet vil gi viktige data inn i prosjektet MIRACLE (sjå over).

Delprosjekt 6. Skjøtselsplan, oppfølging av skjøtsel


Vi vil i dei næraste åra prioritere ei sterkare oppfølging av faste prøveflater for å klargjere om bruk av ulike slåtte- og oppsamlingsreiskap gir seg utslag i endringar i vegetasjonen. Bakgrunnen for dette er ein stadig meir utbreidd bruk av maskinell slåttreiskap på Sølendet, seinast frå 2010 då det vart tatt i bruk skiveslåmaskin. Dette inneber omanalysar og bearbeiding av tidlegare innsamla materiale, men og etablering av fleire faste prøveflater for formålet. Nye prøvefelt vart etablert i 2010 og 2012, og vi planlegger fleire nye prøvefelt.

Delprosjekt 8. Effektar av beite på tidlegare slåttemark

Overvaking av vegetasjonsendringar etter opphør av beite i 50 faste prøveflater (dei fleste 0,25 m²) som vart etablerte i 1992 vil halde fram. Vi har og ei målsetjing om å utarbeide manuskript for internasjonal publisering av dette materialet, som omfattar fleire plantesosiologiske omanalysar og årlege teljingar av blomstrand individ hos 11 artar av karplantar.

Delprosjekt 11. Skjøtsel av svartkurlelokalitetar utanfor reservatet

Oppfølginga av skjøtselen innan leveområda for orkideen svartkurle sør for reservatet vil halde fram. Dette inkluderer m.a. oppfølging av enkeltindivid etter same metodikk som i delprosjekt 3. Det er søkt om midlar gjennom ordninga med støtte til tiltak for foreslåtte prioriterte artar til oppfølging av prosjektet i 2014.



Figur 5. Forslag til skjøtsel i 2014. Slått og raking i alle område. Område 1-3 er høgast prioritert. 1: Intensivområdet i aust, ca. 15 daa. 2: Stormannholmen, ca. 45 daa, 3: Storesvollen-Klaustrypet-Litjholmen, ca. 85 daa. 4: Nord og aust for Stormannsholmen, ca. 70 daa.

6.2 Skjøtsel i 2014


For generelle råd når det gjeld skjøtselen på Sølendet viser vi til Øien & Moen (2003, 2006). Under følgjer ei liste over naudsynt, tradisjonell skjøtsel (rydding, slått, raking o.l.) som vi foreslår blir utført i 2014. Forslaget er utarbeidd i samråd med oppsynsmann T. Johansen. Det samla

arealet som er foreslått skjøtta utgjør ca. 215 daa (av dette har ca. 145 daa førsteprioritet). Sjå kart i figur 5 (nummer viser til områda på kartet).

- Slått i intensivområdet i aust (1), ca. 16 daa.
- Slått i Stormannsholmen (2), ca. 45 daa.
- Slått i området Storesvollen-Klaustrypet-Litjholmen (3), ca. 85 daa.
- Slått i området nord og aust for Stormannsholmen (4), ca. 70 daa.
- Raking, brenning/utkøyring. Raking skal utførast i alle område, men berre i høgproduktive delar av 4. Slått i område 1-3 er høgast prioritert.

Av anna skjøtselsarbeid nemner vi spesielt at tynning av skog vil bli prioritert i 2014. I august 2013 vart det gjennomført ei synfaring for å blinke ut tre som skulle takast ut innan prioriterte område. Det er spesielt råtnande tre og tre i område der skogen er for tett som vil bli tatt ut. I alt vart 900 bjørketre innan fem teigar på til saman 80 daa valt ut (figur 6). Arbeidet med tynning og uttak av tre vil i hovudsak bli gjennomført i løpet av seinvinteren 2014.

Når det gjeld anna praktisk arbeid knytt til skjøtselen og naturstiane vil vedlikehald av stakkstenger og naturstipostar ha prioritet. Utsiftinga av klopper vil halde fram og bli ferdigstilt i 2014.



Figur 6. Område som er prioriterte for tynning av skog i 2014. 1: Dalbuholmen-Storholmen, ca. 40 daa. 2: Storesvollen, ca. 14 daa. 3: Olderbuholman sør, ca. 12 daa. 4: Olderbuholman nord, ca. 8 daa. 5: Klaustrypet, ca. 6 daa.

7 Litteraturreferansar

Eit samla oversyn over litteratur om Sølendet naturreservat er vist i vedlegg C.

- Johansen, T. & Buvarp, B.-A. 2011. Forvaltningsplan for Sølendet naturreservat i Røros kommune 2010-2020. – Fylkesmannen i Sør-Trøndelag Miljøvernavdelingen Rapport 2011-1: 1-69.
- Moen, A. 1990. The plant cover of the boreal uplands of Central Norway. I. Vegetation ecology of Sølendet nature reserve; haymaking fens and birch woodlands. - *Gunneria* 63: 1-451, 1 kart.
- Moen, A., Lyngstad, A. & Øien, D.-I. (in press) Hay crop of boreal rich fen communities traditionally used for haymaking. – *Folia Geobotanica*.
- Moen, A., Nilsen, L.S., Øien, D.-I. & Arnesen, T. 1999. Outlying haymaking lands at Sølendet, central Norway: effects of scything and grazing. – *Norsk geogr. Tidsskr.* 53: 93-102.
- Moen, A. & Øien, D.-I. 2003. Ecology and survival of *Nigritella nigra*, a threatened orchid species in Scandinavia. – *Nord. J. Bot.* 22: 435-461.
- Moen, A. & Øien, D.-I. 2009. Svartkurle *Nigritella nigra* i Norge. Faglig innspill til nasjonal handlingsplan. – NTNU Vitensk. mus. Rapp. bot. Ser. 2009-5: 1-27.
- Moen, A. & Øien, D.-I. 2011. Våtmark. – s. 75-79 i: Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.) Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.
- Moen, A. & Øien, D.-I. 2012. Sølendet naturreservat i Røros: forskning, forvaltning og formidling i 40 år. – *Bli med ut!* 12: 1-103.
- Norges forskningsråd. 2003. Viktige terrestriske og limniske dataserier. – Lange tidsserier for miljøovervåking og forskning. Rapport 2: 1-62.
- Sletvold, N., Dahlgren, J.P., Øien, D.-I., Moen, A. & Ehrlén, J. 2013. Climate warming alters effects of management on population viability of threatened species: results from a 30-year experimental study on a rare orchid. – *Global Change Biology* 19: 2729-2738.
- Solstad, H., Elven, R., Alm, T., Alsos, I.G., Bratli, H., Fremstad, E., Mjelde, M., Moe, B. & Pedersen, O. 2010. Karplanter Pteridophyta, Pinophyta, Magnoliophyta. – s. 155-182 i: Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjølseth, S. (red.) Norsk rødliste for arter 2010. – Artsdatabanken, Trondheim.
- Vold, E.M. 2013. Management effects on low-herb diversity in outlying grasslands. – Masteroppgave NTNU Institutt for Biologi, 51 s.
- Øien, D.-I. 2004. Nutrient limitation in boreal rich-fen vegetation: A fertilization experiment. – *Appl. Veg. Sci.* 7: 119-132.
- Øien, D.-I. & Moen, A. 2001. Nutrient limitation in boreal plant communities and species influenced by scything. – *Appl. Veg. Sci.* 4: 197-206.
- Øien, D.-I. & Moen, A. 2003. Sølendet naturreservat. Årsrapport og oversyn over aktiviteten i 2002. – NTNU Vitensk.mus. Bot. Notat 2003-3: 1-31.
- Øien, D.-I. & Moen, A. 2005. Plan for skjøtsel og forvaltning av leveområder for orkideen svartkurle sør for Sølendet naturreservat. – NTNU Vitensk.mus. Bot. Notat 2005-1-18.
- Øien, D.-I. & Moen, A. 2006. Slått og beite i utmark – effekter på plantelivet. Erfaringer fra 30 år med skjøtsel og forskning i Sølendet naturreservat, Røros. – NTNU Vitensk. mus. Rapp. bot. Ser. 2006-5: 1-57.
- Øien, D.-I. & Moen, A. 2010. Svartkurle *Nigritella nigra* ssp. *nigra*. – Artsdatabankens faktaark 155: 1-3.
- Øien, D.-I. & Moen, A. 2012. Sølendet naturreservat. Årsrapport og oversyn over aktiviteten i 2011. – NTNU Vitensk.mus. Bot. Notat 2012-2: 1-44.

Vedlegg

Vedlegg A Delrapport til Direktoratet for naturforvaltning

Prosjekt Sølendet – delrapport 2013 til Direktoratet for naturforvaltning

Ref.nr. 13040016

Av Dag-Inge Øien og Asbjørn Moen

NTNU Vitenskapsmuseet, Seksjon for naturhistorie, 7491 Trondheim

20. november 2013

